

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen  
nasjonalparkstyre

**Møtested:** E-postbehandling

**Dato:** 28.04.2016

**Tidspunkt:** Utsendt 27.04.16, svar registrert 28.04.16

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	
Bjarne Eiolf Holø	Medlem	

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Iselin Jonassen	NESTL	

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Leif Solemsli	Iselin Jonassen	

## Merknader

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ivar Kvalen (sign.)

Bjarne Eiolf Holø (sign.)

Leif Solemsli (sign.)

---

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Bruk av snøskuter frå Juvasshytta over Styggbreen for NRK-sending frå 17. mai-markering på Galdhøpiggen - NRK		2016/2818
ST	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone i Hurrungane - Capture Drone Solutions		2016/2882

### **ST 3/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Bruk av snøskuter frå Juvasshytta over Styggebreen for NRK-sending frå 17. mai-markering på Galdhøpiggen - NRK**

#### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre - 28.04.2016**

Ivar Kvalen, Bjarne Eiolf Holø og Leif Solemsli slutta seg alle til innstillinga i saka, ved svar på e-post den 28.04.16

#### **Vedtak**

NRK får med heimel i naturmangfaldlova § 48 dispensasjon frå verneforskrift for Jotunheimen, jf. verneforskrifta § 4, for bruk av snøskuter i samband med filmopptak for innslag frå markeringa av 17.mai på Galdhøpiggen til den landsomfattande TV-sendinga på nasjonaldagen. Galdhøpiggen ligg i eit område av nasjonalparken utan spesielt sårbare verneverdiar, og er i ein sone i forvaltningsplanen der det er opna for ein del bruk.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld transport av filmutstyr/personell med ein snøskuter frå nasjonalparkgrensa ved Styggebreen og inn til foten av Galdhøpiggen ved Piggeura den 17. mai 2016.
- Omfanget av snøskuterkjøring innan nasjonalparken må avgrensast til det som er strengt nødvendig for å gjennomføre gode filmopptak på ein effektiv måte.
- Løyvet gjeld for 17. mai 2016.
- Filmopptak som blir vist i produksjonen skal ikkje vise motoriserte framkomstmiddel, men formidle arrangementet, som i seg sjølv blir gjennomført utan motoriserte hjelpemiddel.
- Det skal sendast ei enkel tilbakemelding på e-post med oppsummering av gjennomføringa innan ei veke etter at oppdraget er gjennomført.

## **ST 4/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone i Hurrungane - Capture Drone Solutions**

### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre - 28.04.2016**

Ivar Kvalen, Bjarne Eiolf Holø og Leif Solemsli slutta seg alle til innstillinga i saka, ved svar på e-post den 28.04.16

#### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, § 3 pkt 7.2, avslår Arbeidsutvalet for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknad om dispensasjon for bruk av drone til filming under High Camp i tidsrommet 28. april – 1. mai 2016. Tiltaket blir ikkje vurdert å vera i samsvar med vilkår sett i naturmangfaldlovas § 48 som krev at dispensasjon berre kan gjevast for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig. Begge vilkår må være oppfylt.»* Villreinstammen i Vest-Jotunheimen er sårbar, og føre-var-prinsippet tilseier at eit tiltak som kan bidra til auka trafikk til området må få ei grundigare vurdering enn det ein kan få til når søknaden kjem mindre enn ei veke før arrangementet.

Filminga kan heller ikkje karakteriserast som tiltak av stor samfunnsmessig verdi, jf. krava i nml § 48. Eventuell opning for nye aktiviteter i det sårbare området for villreinen i Vest-Jotunheimen må skje i nær dialog med villreinnemnda og i tråd med overordna føringar gjevne i ein forvaltningsplan. Revisjon av forvaltningsplanen pågår, og både villreinnemnda og aktuelle brukarar vil verta involvert i dette arbeidet i året som kjem